

Radøy kommune

Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
032/2014	Formannskapet i Radøy	PS	15.05.2014
020/2014	Kommunestyret i Radøy	PS	12.06.2014

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Jo Bjarte Tømmerbakke	14/755	14/4308

Utviklingsplan grunnskulen i Radøy 2014 - 2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy 2014 – 2017 vert vedteke slik den ligg føre

Saksopplysingar:

Kompetanseheving er ein naudsynt føresetnad for å skape betre læringsresultat i grunnskulen. Både nasjonal og internasjonal forskning viser at høg fagleg kompetanse betyr mykje for kva elevane lærer.

Kvalitetsmeldinga frå 2011 drog opp retninga for det vidare arbeidet med å utvikla skulen i Radøy. Kvalitetsmeldinga har ein tiltaksdel som byggjer på nyare forskning om kva som verkar når det gjeld å betre elevane si læring. Tiltaksdelen har fått namnet "La linea". Det er gjort for å skape eit eintydig omgrep for ei tverretatleg satsing m.o.t. tidleg innsats i følgje med barna frå svangerskap til dei går ut av grunnskulen. La linea har både ei kortiktig og ei langsiktig intensjonskraft som skal verke gjennom eit tverretatleg og systemisk arbeid. Det er viktig å sjå på dei årlege tilstandsrapportane som løypemeldingar langs det langsiktige perspektivet i La linea. Dersom vi lukkast godt med det systemiske arbeidet, skal implementering av tiltaka gradvis gi ei langtidsverkande positiv utvikling for borna i Radøy.

Bakgrunn

Utviklingsplanen for grunnskulane i Radøy har si forankring politisk frå følgjande punkt i budsjettet i 2012:

«Det vert utarbeidd ein kompetanseutviklingsplan for undervisningspersonale i grunnskulen, spesielt med sikte på å auke den faglege formalkompetansen. Budsjettposten og dei statlege midlane til etter- og vidareutdanning vert nærare fordelt i kompetanseutviklingsplanen. Saka vert lagt fram for politisk handsaming.»

I tillegg er planen forankra lokalt i «La Linea», vedteken i april 2011, som inneber å implementere dei aktive delane av kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Radøy slik ho vart vedteken i kommunestyret. Ein har og nasjonale føringar som ligg inne i kommunen sine styringsdokument. Planen byggjer dermed på både kommunale og statlege føringar.

Vurdering

"Lærernes kompetanse er den aller viktigste enkeltfaktoren for elevenes læring når en ser bort fra elevenes bakgrunn. Læreren må ha både faglig og pedagogisk kompetanse." (St.meld. nr. 31 "Kvalitet i skolen"). Vidare vert det sagt i same stortingsmelding at *"Rektorer og den øvrige skoleledelsen er viktig for elevenes utbytte av opplæringen. Skoleledernes kompetanse har stor betydning."*

Kompetanseutviklinga fram til no har vore retta både mot prioriterte fag og reformrelatert kompetanseutvikling. Kompetanseutvikling for planperioden vil skje med bakgrunn i dei lokalt prioriterte områda i planen.

Omfattande forskning både internasjonalt og nasjonalt dei siste åra, mellom anna representert av John Hattie og Thomas Nordahl, har gitt oss klare svar på kva slags lærarkompetansar som gjev stor effekt på læring, og som det såleis vil vere naturleg å prioritere både når det gjeld etterutdanning og nyrekruttering av kompetanse.

Kort samanfatta peikar forskarane på at lærarens evne til å ha struktur i opplæringa, variasjon i undervisninga og relasjon med elevane er dei viktigaste faktorane for å skape motivasjon til å lære noko hjå elevane. Med andre ord er det læraren og læraren sin interaksjon med elevane som har sterkast effekt på elevane si læring. Vi treng lærarar som vurderer og drøfter eigen praksis ut frå forskingsbasert kunnskap og som er direkte og engasjerte i undervisninga.

Føremålet med planen er å auke læringsutbyttet for elevane i Radøyskulen, gjennom å styrke kompetansen til dei tilsette, og arbeide strukturert og målretta med organisering og innhald.

Det vert allereie i dag lagt ned eit målretta arbeid for at det skal vere mogleg for barn og unge i Radøy å realisere sine ynskjer og draumar om eiga framtid i jobb og fritid. Dette arbeidet skal forsterkast, og ei overordna målsetjing er at våre ungdommar skal ha mot, dugleik og kunnskap til å kunne medverke til ei god utvikling av samfunnet i framtida.

Konklusjon

Utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy 2014 – 2017 vert vedteke slik den ligg føre.

Formannskapet i Radøy - 032/2014

FS - handsaming:

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke orienterte om utviklingsplanen, og fekk gode tilbakemeldingar frå formannskapet.

Frode Hervik (V) kom med følgjande tilleggsframlegg:

Lærarane i Radøy-skulen skal aktivt oppmuntrast til å ta vidareutdanning i matematikk og naturfag. Så langt det er mogleg å gjennomføre, skal ein også leggje til rette for vidareutdanning i andre prioriterte fag, og dessutan prioritere ut frå lokale behov. Innan etterutdanning er spesielt klasseleiing eit satsingsområde.

Det vert lagt til grunn for kvalitetsutviklingsarbeidet at har fokus på grunnleggande ferdigheiter som lesing, skriving og rekning. Leseopplæring er prioritert satsingsområde.

Formannskapet vedtok samrøystes rådmannen si tilråding med tilleggsframlegg frå Frode Hervik (V).

FS - vedtak:

Utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy 2014 – 2017 vert vedteke slik den ligg føre.

Lærarane i Radøy-skulen skal aktivt oppmuntrast til å ta vidareutdanning i matematikk og naturfag. Så langt det er mogleg å gjennomføre, skal ein også leggje til rette for vidareutdanning i andre prioriterte fag, og dessutan prioritere ut frå lokale behov. Innan etterutdanning er spesielt klasseleiing eit satsingsområde.

Det vert lagt til grunn for kvalitetsutviklingsarbeidet at har fokus på grunnleggjande ferdigheiter som lesing, skriving og rekning. Leseopplæring er prioritert satsingsområde.

Kommunestyret i Radøy - 020/2014

KS - handsaming:

Kommunalsjef Jo Tømmerbakke orienterte om Utviklingsplan for grunnskulen. Kommunalsjefen framheva godt leiarskap som fundamentalt for god utvikling i skulen. I si oppsummering sa han at ein må bruka tida på det som forskning seier virkar, og ikkje på det som ikkje virkar. Kommunalsjefen fekk svært gode tilbakemeldingar frå politikarane for signal og konklusjonar i planen.

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapstilrådinga.

KS - vedtak:

Utviklingsplanen for grunnskulen i Radøy 2014 – 2017 vert vedteke slik den ligg føre.

Vedlegg:

Utviklingsplan Radøyskulen 2014 - 2017